

Gamleskulen opprusta, stor innsats for TI-aren

25.02.2009



Fire av dei fem som sit i UU-styret: Anita Enæs, Jane Haaranes, Magne Huglen og Gunnar Myklebust. Reidar Myklebust var ikkje til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I fjor vart det gjort ein god del arbeid med opprusting av Gamleskulen, gikk det fram av årsmeldinga til Uskedalen Utvikling som vart presentert under årsmøtet onsdag kveld.
Huset har vorte måla, det er sett inn varmepumpe som dei har fått av SPAR, vindauge er skifta og det er rydda i kjellaren. Alt er gjort på dugnad.
Stor dugnadsinnsats prega også Cafe TI-aren.

Det er i året lagt ut informasjon om utleige av huset på uskedalen.no. UU har også skifta forsikring og Gamleskulen er no fullforsikra for fire millionar kroner mot ei årsavgift på 5.200 kroner.
 Musikklaget er gjeve løyve til å planta ei ny gran på UU sitt område.

TI-aren hadde i haust halde det gåande i eitt år og dei trufaste damene – 26 i talet – vart gjort stas på med både kake og blom. Dei omsette i fjor for 35.701 kroner og jobba dugnad i 815 timer!

Kasserar Klara Bakke roste dei under årsmøtet for å ha gjort ein kjempejobb og for å ha vist at tiltaket i høgste grad er liv laga.

TI-aren har brukt noko av pengane på konto til å kjøpa nye stolar og bord. Frivilligkeitssentralen gav 27.000 i støtte til kjøp av steamar til kjøkenet.

Dialogforumet, som skal fremja positive haldningar, samarbeid og samhandling for bygdeutvikling, var samla 10 gonger i fjor og behandla 25 innmeldte saker. Av desse vart 10 iverksett eller løyste:

- Merka turvegar og stiar
- Profilering av Sommarbygda Uskedalen med plakat
- Breiband til Friheim
- Arrangement for tilflyttarane til bygda
- Kafe TI-aren og informasjon om den.
- SIM og hyttekontainaren
- Guida turar
- Gamle biletar i Gamleskulen
- Turistinformasjon på SPAR

Det blir arbeidd vidare med trafiksikring, vegljos, aktivitetskalender på nettida, internett i båthamnane, brannberedskap i Skårhaug og ryddedugnad i samarbeid med SIM.

Magne Huglen la på årsmøtet vekt på at arbeidet for å få tilflyttarane til å bli med i organisasjonslivet må intensiverast.

Ivar Gundersen, som er leiar i fotballgruppa, lova å ta eit initiativ i så måte.

Nettavisa uskedalen.no produserte 1.230 nyhende i fjor.

Juni var toppmånad med 844 besøkjande kvar dag. Sida hadde over ein kvart million lesarar i 2008 og tala viser vidare vekst inn i 2009 med 1.032 lesarar i snitt kvar dag i januar.

Årsrekneskapen for UU viste eit overskot på 28.422 kroner. Den største inntektsposten var nettavisa med 66.000 kroner, men her var det eit "overheng" frå året før. Normal årsinntekt av uskedalen.no er 44.000 kroner,

Den største utgiftsposten var knytt til Gamleskulen med 40.596 kroner.

Klara Bakke var på val i styret og fekk Jane Haaranes som erstattar – med ansvar for rekneskapen. Ellers i styret sit Gunnar Myklebust (leiar), Reidar Myklebust, Magne Huglen og Anita Enæs.

Av Ola Matti Mathisen